

**Fra:** Asbjørn Nagell Toft  
**Sendt:** torsdag 11. august 2022 15:20  
**Til:** fmhoeha@statsforvalteren.no; Hellesøe, Hege Brekke  
**Kopi:** Kristel Bellerby; Espen Samsonsen; Birgt Nistad (birgit.nistad@nistad.com)  
**Emne:** Planområdet for detaljregulering på Vardetangen- Tilbakemedling på forslag

**Til Statsforvaltaren i Vestland v/ Egil Hauge og Hege Brekke**


Reguleringsplanarbeid er no på gong ved Vardetangen.

Austrheim kommune ynskjer at planområdet vert utvida mot sjø i LNF-området framover bustadområde B40 og område BA. Hamna, sjø, ventebygget, snøggbåtkaien på Vardetangen, eksisterande p-plassar og køyrevegen ynskjer me og å regulera samstundes.

Austrheim kommune ynskjer å regulera i tråd med kommuneplan sin arealdel og ta omsyn til friluft-, ferdels-, og miljøverdiane som er i LNF-områda her og sjølvsagt i sjøområdet.


Me vonar og at grunneigarane i området B42 og naustområdet i sør og småbåthamna er med på at dette vert regulert samstundes. Dette er enno uavklart med dei. Me hadde positivt møte med grunneigarar og planfirma for Bustadområde B40 og område BA tysdag den 9. august.

Under ser de kommuneplanstatus for området:



Austrheim kommune vonar at dette som vist under vert plangrensa her og ynskjer synspunkt på dette frå dykk:

# .. PLANOMRÅDE



Me dette grepet får me sjå område i sjø og på land i samheng med bustadområda og andre viktige miljø- og bruksverdiar.

Det er fint om de svarar oss raskt på vårt spørsmål. Kosa dykk vidare med sommaren 2022.

Mvh.

Asbjørn Nagell Toft (41651463)  
Avdelingsleiar